



Vigleik Daae  
FENSFJORDVEGEN 1387  
5986 Hosteland

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/66 - 23/6203

Saksbehandlar:  
Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
28.06.2023

## Krav om retting, varsel om tvangsmulkt - søknad om flytande naust på gbnr. 6/68

**Administrativt vedtak. Saknr: 055/2023**

**Tiltakshavar:** Vigleik Daae

**Heimelshavar:** Vigleik Daae

**Heimel:** Plan- og bygningslova §§ 32-3 og 32-5

Det vert vist til førehandsvarsel om pålegg om retting og førehandsvarsel om tvangsmulkt av 21.01.22, for flytane naust på gbnr. 6/68 på Risnes.

Tiltakshavar sökte då om å få ha naustet der, dette vart handsama administrativt og politisk. Tiltakshavar klaga på dette og saka vart handsama av Statsforvaltaren i Vestland, som stadfesta Masfjorden kommune sitt vedtak. Statsforvaltaren sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. fvl § 28 tredje ledd.

### **Saka gjeld**

Kommunen legg til grunn at det er etablert eit flytande naust på/ ved dykkar eigedom, utan at det ligg føre løyve til tiltak.

Kommunen vurderer at tilhøvet er eit brot på pbl. § 20-1 a) og byggesaksforskrifta (SAK) § 2, om søknadsplikt.

### **Saksopplysningar/grunngjeving**

Kommunen vurderer saka som godt nok opplyst, jf. forvaltningslova § 17(1), og saka vert handsama etter dei opplysninga som ligg føre.

### **Pålegg om retting**

Kommunen kan med heimel i pbl. § 32-3 krevje retta tilhøve som er i strid med plan- og bygningslova:

«Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndigheten gi den ansvarlige pålegg om retting av det ulovlige forhold, opphør av bruk og forbud mot fortsatt virksomhet, samt stansing av arbeid».

Pålegg kan etter pbl. § 32-3, 4. ledd, tinglysast som hefte på eigendomen om tiltaket ikkje vert ført tilbake.

#### Vedtak om tvangsmulkt

Kommunen kan med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 nytte tvangsmulkt som eit middel for å få gjennomført pålegg om retting:

«Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven kan plan- og bygningsmyndighetene fastsette tvangsmulkt for å få gjennomført gitte pålegg, herunder forbud, innen en særskilt angitt frist.»

Tvangsmulkta gjeld heilt til kommune har motteke skriftleg dokumentasjon/foto på at tiltaket er retta.

Forfallen tvangsmulkt vil bli krevd inn utan vidare varsel. Tvangsmulkta kan krevjast inn etter reglane i tvangfullbyrdingslova § 7-2 e, som særleg tvangsgrunnlag, utan dom for kravet.

Kommunen vurderer at sanksjonane er rimelege i høve det ulovlege tilhøvet, jf. plan- og bygningslova § 32-

#### VEDTAK:

##### Pålegg:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 vert det gjeve pålegg om retting. Retting må skje ved at utført tiltak vert fjerna.**

**Det vert gjeve frist til 15. august 2023 for å retta tilhøvet.**

##### Tvangsmulkt:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 vert det vedteke slik tvangsmulkt:**

**Tvangsmulkt på kr 1000 per dag etter utløp av pålagt frist. (15.08.2023)**

##### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

##### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
12.1.2	Vedtak med pålegg om retting eller stans		6.700,-
	Totalt gebyr å betala		6.700,-

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Sveinung Toft  
Assisterande rådmann

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

## Mottakarar:

Vigleik Daae

FENSFJORDVEGEN 5986  
1387

Hosteland